

# Samandrag Soga om Tristram og Isond / *Tristrams saga ok Ísöndar (Ísöndar)*

Tala er kapittelnummer

Handling i Bretagne, Cornwall og Irland.

**1. Innleiing:** Helten Kanelangres er fyrste i Bretagne, legg under seg naborike (1).

## **2. Kanelangres og Blensinbil:**

- Kanelangres fer til England / Cornwall, der kong Markis er konge i hovudstaden Tintajol (2).
- Kanelangres imponerer i turnering, blir derfor kjærast med Blensinbil, syster til kong Markis – i løynd, for Kanelangres trur ikkje han er god nok (3-10).
- Ny turnering, Kanelangres alvorleg såra. Blensinbil til han i sjukesenga, blir gravid (11-12).
- Kanelangres må reise heim pga. åtak på landet hans. Blensinbil blir med, utan løyve (13-14).
- Kanelangres dør i forsvaret av riket sitt [og fienden vinn landet] (15).
- Blensinbil før sonen deira få dagar etter, men dør i barselsenga (15).

## **2. Tristram**

- Guten blir kalla Tristram. Blir fostra opp i løynd hos rådsherren Kanelangres hadde (15-16-17).
- Tristram blir bortført av griske, norske handelsmenn som vil selja han (18). Rådsmannen fer ut med skip og leitar, heile Nord-Europa (20).
- Handelsmennene angrar og set Tristram på land i England, og han hamnar hos kong Markis og blir populær der pga. evner og kunnskap (20-22).
- Rådsmannen Roald finn Tristram hos kong Markis og fortel Markis at Tristram er systerson hans (23).
- Tristram fer til heimlandet for å ta det att, utrusta av kong Markis, og vinn att riket (24-25).
- Tristram gjev riket til Roald rådsmann og fer til kong Markis, fordi han er hans arving (25).
- Tristram drep den irske kjempa Morold og bergar England frå irsk skatteutpressing (26-28) – men får forgifta sår som ikkje gror. Berre syster til Morold kan lækje det, Isodd (!); ho er dronning i Irland (28-30).

## **3. Tristram og Isond – innleiing**

- Tristram blir liggjande alvorleg sjuk. Alle venene bortsett frå kongen svik han, for såret luktar så vondt. Han fer til slutt bort på skip, hamnar i Irland, tek dekknamn og bergar seg med å spela strenginstrument som ein meister, blir derfor ven med kongsdotter Isond og mora, dronning Isodd, som lækjer han (30).
- Tristram fer attende til England (31-32).
- Venene som sveik Tristram ottast at han skal bli konge etter Markis og hemne seg. Dei får Markis til å Tristram til Irland for å be Isond gifte seg med Markis. (Oppdraget er farleg, og Markis kan få arving som konkurrerer ut Tristram.) (32-33).
- Tristram seglar til Irland, gjev seg ut for å vera handelsmann, men får sjansen til å drepa drake som heimsøker landet. Irskekongen har lova prinsesse Isond til den som kan drepa draken, men vond rådsmann i Irland tek æra for drapet. Isond og Isodd finn Tristram og lækjer han, men kjenner han ikkje (34-40).
- Tristram seier sanninga om drakedrapet og skal prove den med tvikamp mot den vonde rådsmannen. Men Isond skjønar at Tristram drap bror hennar, Morold, og ho og Isodd vil drepa Tristram. Han får nåde mot å fri dei frå rådsmannen (41-44).
- Tristram bed om Isond til kong Markis, og får ”ja” (44).
- Tristram avslører rådsmannen, som blir jaga (45).

Bruk gjerne dette samandraget, men oppgje kjelde: eldar-heide.net

#### 4. Tristram og Isond elskerar

- Dronning Isodd lagar trylledrikk som Isond og Markis skal drikke, slik at dei blir evig forelska. Tristram seglar til England med Isond, og ved mistak drikk *han* av elskhugsdrikken, og Isond, og *dei* blir feberforelska (46).
- Tristram og Isond er elskerar bak ryggen på kong Markis (47-)
- Isond vil få drepi terna si, Bringvet, for at ho ikkje skal avsløre henne og Tristram, men Bringvet klarer seg (47-48).
- Irsk stormann får narra Isond frå kong Markis, men Tristram bergar henne (49-50).
- Mariadokk, som er god ven av Tristram og rådsman for kong Markis, oppdagar Tristram og Isond, men held tett (51).
- Kongen får mistanke, og set Isond og Tristram på prøver. Han får ikkje prov, men sender Tristram bort frå hoffet (51-56).
- Isond ber jarnbyrd, og klarer seg med knep: Berre kongen og ”pilgrim” (= Tristram) som alle har sett var ”uheldig” då han bar henne over elv har vori intime med henne (56-60).
- Tristram er i Polisriket fordi kong Markis er sint på han. Tristram drep kjempa Urgan og får derfor alvehund av kongen; sender den til Isond (61-63).
- Tristram kan koma att til Markis-hoffet. Markis får snart mistanke og forviser både Tristram og Isond, som så kan leva i lag ute i skogen. Kongen kjem tilfeldigvis dit og får sjå dei liggja med stor avstand og sverd imellom, og trur derfor at dei ikkje er elskerar, likevel, og dei får koma att til hoffet (64-66).
- Tristram må fara frå landet pga. ny mistanke; reiser landimellom og endar opp i barndomslandet Bretagne, får len der (67-69).
- Tristram gifter seg der med anna Isodd, syster til hertug Kardin; han vil gløyme Isond, men klarer ikkje liggja med Isodd (69-70).
- Mariadokk prøver å forføre Isond og fortel henne at Tristram er gift på ny, men ho avviser han (72).
- Tristram tvingar under seg kjempe som har skogsrike, bygger i løynd palass i skogen, med naturtru gullstatuar av Isond og Bringvet; kysser og pratar med Isond-statuen (73-80).
- Kardin får veta at Tristram ikkje rører kona si. Tristram viser han skogspalasset og statuen av Isond for å forklare seg. Kardin trur statuane er levande, og vil vera kjærast med Bringvet-statuen (81-86).
- Kardin krev å få møte ”originalane”. Han og Bringvet fer til Markis-hoffet, og snik seg inn til Bringvet og Isond om nettene, blir *to* kjærastpar. Tristram og Kardin blir oppdaga av rådsmanen Mariadokk og må rømme, men hemner seg med å drepa han i turnering, forkledde (86-93).
- Tristram fer heim til Bretagne, blir såra av forgifta våpen. Kardin hentar Isond så ho kan lækje Tristram, men han døyr før ho når fram. Isond døyr av sorg (94-101).
- Isodd, den forsmådde kona til Tristram, gravlegg dei på kvar si side av kyrkja, men tre veks på gravene, og greinene møtest over taket (101).

Eldar Heide 29.19.2010